



DELÅRSRAPPORT

1. kvartal 2017

Voss, 27. april 2017
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2017

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for 1. kvartal på 5,9 mill. kr, ein auke på 0,6 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,56% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,57% i fjor. Totalresultatet pr. 31.03 i år er på 4,3 mill. kr mot 4,5 mill. kr i fjor.

Etter skatt er resultatet i 1. kvartal 4,6 mill. kr (0,44%) mot 3,9 mill. kr (0,41%) i fjor. Auken i kvartalet kjem frå betre netto renteinntekter og auke i andre inntekter.

I 2016 kostnadsførte ein avgifta til Bankenes Sikringsfond med 2,1 mill. kr i fyrste kvartal. I år periodiserar ein denne kostanden, og rekneskapen er belasta med 0,5 mill. kr i fyrste kvartal.

RENTEMARGIN

I 1. kvartal bokfører banken netto renteinntekter med 19,0 mill. kr, ein auke på 2,1 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Korrigerer ein for avgifta til Bankenes Sikringsfond er auken på 0,5 mill. kr. Rentemarginen i 1. kvartal er på 1,80% mot 1,81% for 1. kvartal i fjor.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

I 1. kvartal har banken inntektsført 0,6 mill. kr i netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar på aksjar og rentefond, mot ei kostnadsføring på 0,4 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

På obligasjonsporteføljen har banken i 1. kvartal bokført realisert tap på 0,1 mill. kr mot tap på 0,6 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

Rentenedgangen i marknaden på ekstern finansiering fører til at banken i 1. kvartal utgiftsfører 0,9 mill. kr som oppskrivning på ansvarleg lånekapital. Lånet er eit fastrentelån på 35 mill. kr med fast rentesats 8,15% og med call 12.05.20, og er ved kvartalsskiftet bokført til ein kurs på 109,47 tilsvarande 38,3 mill. kr. Denne oppskrivninga av gjelda vil fram mot forfall gå i null.

DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er samla driftskostnader 14,0 mill. kr, ein auke på 1,5 mill. kr samanlikna med 1. kvartal i fjor. Driftskostnadane er om lag som budsjettert. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,33% i år mot 1,34% i fjor.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 1. kvartal har banken konstatert tap på utlån på 0,1 mill. kr som er om lag det same som i 1. kvartal fjor.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av kvartalet er på 33,6 mill. kr, ein reduksjon på 11,5 mill. kr frå 1. kvartal i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 0,88 % i år, mot 1,36% ved utgangen av 1. kvartal i fjor. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen auka med 0,4 mill. kr, eller 0,01 %, til 4.265 mill. kr.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 545 mill. kr, eller 14,64%.

INNSKOT

I 1. kvartal er innskota redusert med 108 mill. kr eller 3,62%.

Siste 12 månadane har innskota auka med 2,4 mill. kr, eller 0,08%.

Pr. 31.03.17 har banken ei innskotsdekning på 75,1% av brutto utlån, mot 86,9% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken har i 1. kvartal hatt ein auke i utlån på eige bok på 115,7 mill. kr eller 3,10%. Netto vekst på utlån formidla gjennom EBK i 1. kvartal er på 51,7 mill. kr.

Pr. 31.03.17 er brutto utlån til kundar 3.852 mill. kr, mot 3.323 mill. kr pr. 31.03.16. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 529 mill. kr eller 15,9%. Når overførte nye utlån til EBK vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader på 619 mill. kr eller 17,4%.

Ved utgangen av kvartalet er porteføljen av lån overført til EBK 330 mill. kr, ein overføringsgrad på 7,88%. Dette er ein låg andel samanlikna med andre Eika-bankar, og gjev banken eit godt vekstpotensiale framover. Av samla utlån på eiga bok ved kvartalsskiftet er 2.995 mill. kr (77,8%) til personkundar og 857 mill. kr (22,2%) til næringskundar.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.891 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 674 mill. kr eller 23,3%.

For å finansiera den store utlånsveksten i 1. kvartal har banken utstedt eit sertifikatlån på 100 mill. kr. Lånet har forfall 15. august i år.

Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 465% berekna etter nye forskrifter.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 426,3 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 19,13 % utan at resultat i år er rekna med.

Kjernekapitalen er 386,3 mill. kr, eller 17,33%. I høve til minimumskrava er overdekninga 248,0 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 368,8 mill. kr, eller 16,55%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

| Namn | Andel | Beholdning |
|--|-----------------|------------------|
| VOSS SPAREBANK | 10,00 % | 189.980 |
| MP PENSJON PK | 4,76 % | 90.526 |
| AS FLU | 4,74 % | 90.000 |
| BERGEN KOMMUNALE PEN | 2,63 % | 50.000 |
| AUGUST RINGVOLD AGEN | 2,46 % | 46.771 |
| HAUGALAND KRAFT PENS | 2,16 % | 41.069 |
| BJØRKEHAGEN AS | 1,89 % | 35.990 |
| SPAREBANK 1 SR-BANK | 1,63 % | 31.000 |
| WERGELAND HOLDING AS | 1,29 % | 24.500 |
| FANA SPAREBANK | 1,21 % | 23.000 |
| SKOGSBORG AS | 1,08 % | 20.440 |
| JOH. RASMUSSEN & RAC | 1,05 % | 20.000 |
| FORLAGSHUSET VIGMOST | 0,93 % | 17.700 |
| KRISTIAN HODNE AS | 0,87 % | 16.464 |
| FJORDSYN AS | 0,80 % | 15.200 |
| SLÅPEKROKEN AS | 0,79 % | 15.040 |
| HAUKÅS KONSULENTENE | 0,79 % | 15.000 |
| NOTOV AS | 0,74 % | 14.000 |
| NORDNET LIVSFORSIKRI | 0,72 % | 13.659 |
| RIO INGUNN | 0,66 % | 12.580 |
| Sum for dei 20 største eigarane | 41,21 % | 782.919 |
| Øvrige eigarar | 58,79 % | 1.117.081 |
| Totalt utstedte aksjar | 100,00 % | 1.900.000 |

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 1. kvartal: kr 202,65
Børskurs ved utgangen av 1. kvartal var : kr 122,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2017

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalkmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det låge rentenivået skapar utfordringar i heile næringa, ved at det snart ikkje lenger er råd å redusera rentesatsane på innskot lenger ned. God vekst i utlån, spesielt til næringsverksemd, fører til auka netto renteinntekter, samstundes som rentemarginen held seg omtrent på nivået frå i fjor. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, styrkjar banken sitt inntektsgrunnlag framover. Styret håper at styresmaktene ved endeleg framlegging av ny NTP for dei neste åra i juni vil framskunda bygging av trygg og sikker veg og bane mellom Voss og Bergen, slik at den gryande optimismen ein har sett i bygda kan halda fram med vekst i folketal, ny bustadbygging og vilje til nyinvesteringar i lokalt næringsliv.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

| | 31.03.17 | 31.03.16 | 31.12.16 |
|---|---------------|----------|----------|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 29.548 | 28.047 | 114.320 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 10.546 | 11.162 | 39.556 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 19.002 | 16.885 | 74.764 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 45 | 105 | 6.566 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 2.255 | 2.152 | 10.251 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -1.014 | -927 | -3.717 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | -212 | -386 | 151 |
| Andre driftsinntekter | 29 | 27 | 135 |
| Sum andre inntekter | 1.103 | 971 | 13.386 |
| Sum netto inntekter | 20.105 | 17.856 | 88.150 |
| Personalkostnader | 5.860 | 5.185 | 20.257 |
| Administrasjonskostnader | 5.054 | 4.309 | 17.229 |
| Ordinære avskrivningar | 1.743 | 1.737 | 6.987 |
| Andre driftskostnader | 1.378 | 1.270 | 4.587 |
| Sum kostnader | 14.035 | 12.501 | 49.060 |
| Resultat før tap | 6.070 | 5.355 | 39.090 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | -127 | -31 | -2.704 |
| Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 |
| Netto tap og avskrivningar | -127 | -31 | -2.704 |
| Resultat før skatt | 5.943 | 5.324 | 36.386 |
| Skatt på ordinært resultat | 1.296 | 1.459 | 7.745 |
| Resultat for rekneskapsåret | 4.647 | 3.865 | 28.641 |
| Andre inntekter og kostnader | | | |
| Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | -255 | 840 | -1.470 |
| Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal | -86 | -246 | -429 |
| Sum andre postar | -341 | 594 | -1.899 |
| Totalresultat | 4.306 | 4.459 | 26.742 |
| Resultat pr. aksje | 2,45 | 2,03 | 15,07 |
| Utvatna resultat pr. aksje | 2,45 | 2,03 | 15,07 |

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

| | 31.03.17 | 31.03.16 | 31.12.16 |
|---|-----------|-----------|-----------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 74.141 | 75.285 | 77.117 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 20.847 | 2.086 | 147.842 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 3.802.651 | 3.274.599 | 3.687.052 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 259.742 | 222.204 | 246.372 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 57.768 | 92.615 | 57.430 |
| Immaterielle eignelutar | 2.999 | 6.999 | 3.999 |
| Finansielle derivat | 3.888 | 5.469 | 4.061 |
| Varige driftsmidlar | 30.815 | 33.103 | 31.332 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 11.836 | 7.719 | 9.112 |

SUM EIGNELUTAR

4.264.687 3.720.079 4.264.317

GJELD OG EIGENKAPITAL

| | | | |
|--|------------------|------------------|------------------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 2.945 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 2.891.740 | 2.889.338 | 3.000.196 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 874.453 | 351.335 | 774.634 |
| Finansielle derivat | 0 | 0 | 0 |
| Utsett skatt | 3.107 | 2.991 | 3.021 |
| Anna gjeld | 17.548 | 15.334 | 19.158 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 13.447 | 13.903 | 8.134 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 1.040 | 1.994 | 1.040 |
| Ansvarleg lånekapital | 78.315 | 77.726 | 77.403 |
| Sum gjeld | 3.879.650 | 3.355.566 | 3.883.586 |

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

| | | | |
|---|-------|-------|-------|
| Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning egne aksjar | -18 | -43 | -18 |
| Sum innskoten eigenkapital | 9.482 | 9.457 | 9.482 |

Opptent eigenkapital

| | | | |
|--------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Annan eigenkapital | 375.555 | 355.056 | 371.249 |
| Sum opptent eigenkapital | 375.555 | 355.056 | 371.249 |
| Sum eigenkapital | 385.037 | 364.513 | 380.731 |

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL


4.264.687 3.720.079 4.264.317

| | | | |
|---------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Garantiansvar | 121.113 | 94.778 | 107.203 |
| Pantsetjingar | 106.424 | 109.127 | 106.267 |
| Eigenkapitaldekning | 19,13 % | 21,13 % | 20,27 % |
| Gjennomsnittleg rådveldekapital | 4.270.673 | 3.762.442 | 4.026.572 |


Voss, 27. april 2017


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreformann


Hildegunn Reime


Kathrine Lønø Lahlum


Ingrid Kløve-Graue


Johanna R. Sølvsberg


Einar Larsen
Banksjef

ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | 31.03.17 | 31.03.16 | 31.12.16 |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Eigenkapital ved inngangen til året | 380.731 | 360.054 | 360.054 |
| Utbetalt utbytte førre år | 0 | 0 | -6.650 |
| Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal | -341 | 594 | -1.899 |
| Kjøp / sal egne aksjar | 0 | 0 | 585 |
| Resultat i perioden | 4.647 | 3.865 | 28.641 |
| Eigenkapital ved periodeslutt | 385.037 | 364.513 | 380.731 |

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| | Alle tal i NOK 1 000 | | |
|--|----------------------|----------------|----------------|
| | 31.03.17 | 31.03.16 | 31.12.16 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar | 30 958 | 26 247 | 118 780 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar | -7 163 | -6 533 | -42 870 |
| Andre innbetalningar | 45 | 425 | 5 994 |
| Driftsutbetalningar | -10 191 | -10 721 | -38 192 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 13 | 21 | 89 |
| Utbetalt utbytte | 0 | 0 | -6 650 |
| Betalte skattar | -5 767 | -4 666 | -6 227 |
| Tilført frå verksemda | 7 895 | 4 773 | 30 924 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | -115 738 | -148 008 | -563 203 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | -108 456 | -21 183 | 89 675 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | -2 945 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | 99 820 | -25 875 | 397 424 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | 0 | -5 | 573 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | -14 178 | 85 638 | 103 049 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | 0 | 14 544 | 1 845 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 912 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar | 0 | 267 | 581 |
| Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd | -137 640 | -97 567 | 29 944 |
| Investert i varige driftsmidlar | -226 | -289 | -770 |
| Investert i immaterielle eignelutar | 0 | 0 | 0 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | 0 | 0 | -5 593 |
| Netto kontantstraum frå investeringar | -226 | -289 | -6 363 |
| Netto endring likvidar | -129 971 | -93 083 | 54 505 |
| Likviditetsbeholdning ved inngangen til året | 224 959 | 170 454 | 170 454 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 94 988 | 77 371 | 224 959 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av: | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 74 141 | 75 285 | 77 117 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 20 847 | 2 086 | 147 842 |
| Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 94 988 | 77 371 | 224 959 |

Note 1 Tap og misleghald

Bokførte tap

| |
|--|
| Endring i individuelle tapsnedskrivningar |
| Endring i gruppevise nedskrivningar |
| Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for |
| Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for |
| Inngang på tidlegare avskrivne tap |

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

| | | |
|-----------------|------------|--------------|
| 31.03.17 | 31.03.2016 | 31.12.16 |
| -425 | -88 | -71 |
| 500 | 0 | 400 |
| 57 | 88 | 2.276 |
| 8 | 52 | 188 |
| -13 | -21 | -89 |
| 127 | 31 | 2.704 |

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

| | | |
|---------------|---------------|---------------|
| 21.560 | 26.815 | 19.638 |
| 6.315 | 5.656 | 5.327 |
| 15.244 | 21.159 | 14.311 |
| 41.343 | 48.017 | 48.861 |
| 22.975 | 24.043 | 24.389 |
| 18.368 | 23.974 | 24.472 |
| 33.612 | 45.133 | 38.783 |

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

| | | |
|------------------|------------------|------------------|
| 3.851.918 | 3.323.375 | 3.736.244 |
| -29.291 | -29.700 | -29.716 |
| -19.976 | -19.076 | -19.476 |
| 3.802.651 | 3.274.599 | 3.687.052 |

Note 2 Kapitaldekning

| | 31.03.17 | | 31.03.16 | | 31.12.16 | |
|--|--------------------|----------------|--------------------|----------------|--------------------|----------------|
| | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav | Berekningsgrunnlag | Kapitalkrav |
| Lokale og regionale styresmakter | 22.397 | 1.792 | 12.802 | 1.024 | 18.609 | 1.489 |
| Institusjonar | 21.321 | 1.706 | 5.775 | 462 | 36.140 | 2.891 |
| Føretak | 248.690 | 19.895 | 266.185 | 21.295 | 271.241 | 21.699 |
| Massemarknad | 3.938 | 315 | 4.045 | 324 | 3.966 | 317 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 1.534.980 | 122.798 | 1.285.030 | 102.802 | 1.441.782 | 115.343 |
| Forfalne engasjement | 14.391 | 1.151 | 17.764 | 1.421 | 10.652 | 852 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 7.852 | 628 | 7.925 | 634 | 8.842 | 707 |
| Andelar i verdipapirfond | 11.283 | 903 | 47.874 | 3.830 | 9.578 | 766 |
| Eigenkapitalposisjonar | 46.485 | 3.719 | 39.326 | 3.146 | 45.373 | 3.630 |
| Andre engasjement | 161.758 | 12.941 | 145.393 | 11.631 | 142.064 | 11.365 |
| Sum kredittrisiko | 2.073.095 | 165.848 | 1.832.119 | 146.570 | 1.988.247 | 159.060 |
| Operasjonell risiko | 155.725 | 12.458 | 149.970 | 11.998 | 149.970 | 11.998 |
| Frådrag for gruppevise nedskrivningar | | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| CVA risiko, motpartsrisiko | 41 | 3 | 6.338 | 507 | 3.707 | 297 |
| Sum berekningsgrunnlag | 2.228.861 | 178.310 | 1.988.427 | 159.074 | 2.141.924 | 171.354 |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - egne aksjar | -18 | | -43 | | -18 | |
| Sum opptent eigenkapital | 361.565 | | 351.190 | | 362.224 | |
| - immaterielle eignelutar / utsett skattefordel | -2.250 | | -5.109 | | -2.999 | |
| Frådrag | 0 | | -315 | | 0 | |
| Rein kjernekapital | 368.797 | 16,55 | 355.223 | 17,86 | 368.707 | 17,21 |
| Fondsobligasjonar til verkeleg verdi | 38.315 | | 37.726 | | 37.403 | |
| Frådrag for verdiendring fondsobligasjon | -3.315 | | -2.726 | | -2.403 | |
| Frådrag i samsvar med overgangsvilkår | -17.500 | | -14.000 | | -14.000 | |
| Kjernekapital | 386.297 | 17,33 | 376.223 | 18,92 | 389.707 | 18,19 |
| Fond for urealiserte verdiendringar | 0 | | 4.155 | | 4.418 | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 40.000 | | 40.000 | | 40.000 | |
| Ansvarleg lånekapital ikkje kvalifisert som tilleggskap. | | | -231 | | 0 | |
| Sum tilleggskapital | 40.000 | 1,79 | 43.924 | 2,21 | 44.418 | 2,07 |
| Netto ansvarleg kapital | 426.297 | 19,13 | 420.147 | 21,13 | 434.125 | 20,27 |

Note 3 Utlån og innskot fordelt på sektor næringer

| | 31.03.17 | Utlån | | | |
|--|------------------|---------------|------------------|---------------|--|
| | | Fordeling | 31.03.16 | Fordeling | |
| Personkunder | 2.995.873 | 77,78 | 2.694.882 | 81,09 | |
| Offentleg forvaltning | 21.562 | 0,56 | 9.214 | 0,28 | |
| Finansielle foretak | 7.269 | 0,19 | 4.874 | 0,15 | |
| Jord- og skogbruk | 30.243 | 0,79 | 29.099 | 0,88 | |
| Industri og bergverksdrift | 47.818 | 1,24 | 55.653 | 1,67 | |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 71.204 | 1,85 | 85.000 | 2,56 | |
| Varehandel , hotell og restaurant | 74.840 | 1,94 | 73.549 | 2,21 | |
| Transport og kommunikasjon | 32.172 | 0,84 | 62.655 | 1,89 | |
| Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift | 475.297 | 12,34 | 246.256 | 7,41 | |
| Tenesteytande næringer elles | 95.640 | 2,48 | 62.193 | 1,87 | |
| Sum brutto utlån | 3.851.918 | 100,00 | 3.323.375 | 100,00 | |

| | 31.03.17 | Innskot | | | |
|--|------------------|---------------|------------------|---------------|--|
| | | Fordeling | 31.03.16 | Fordeling | |
| Personkunder | 2.120.049 | 73,31 | 2.054.473 | 71,11 | |
| Offentleg forvaltning | 58.339 | 2,02 | 74.366 | 2,57 | |
| Finansielle foretak | 54.046 | 1,87 | 35.576 | 1,23 | |
| Jord- og skogbruk | 19.916 | 0,69 | 12.395 | 0,43 | |
| Industri og bergverksdrift | 27.992 | 0,97 | 47.974 | 1,66 | |
| Kraft- og vannforsyning, bygg og anlegg | 110.754 | 3,83 | 106.952 | 3,70 | |
| Varehandel , hotell og restaurant | 95.652 | 3,31 | 100.130 | 3,47 | |
| Transport og kommunikasjon | 104.582 | 3,62 | 131.969 | 4,57 | |
| Forretningsmessig tenesteyting og egedomsdrift | 106.943 | 3,70 | 131.545 | 4,55 | |
| Tenesteytande næringer elles | 193.467 | 6,69 | 193.958 | 6,71 | |
| Sum innskot | 2.891.740 | 100,00 | 2.889.338 | 100,00 | |

Note 4 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløsmidler

| | 1. kv. 2017 | 1. kv. 2016 | 31.12.16 | 31.12.15 | 31.12.14 |
|--|-------------|-------------|----------|----------|----------|
| Realisert gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir | -12 | -589 | -769 | -9.525 | 4.592 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og verdipapir med variabel avkastning | 639 | -522 | 872 | -348 | 4.675 |
| Netto verdiendring på valuta og fin.derivat | -839 | 718 | 48 | 3.332 | 3.108 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | -212 | -393 | 151 | -6.541 | 12.375 |

Note 5 Endring i Verdipapirgjeld

| | Balanse 01.01.17 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | Balanse 31.03.17 |
|----------------------------------|------------------|----------------|----------|------------------|------------------|
| Serifikatgjeld | 0 | 100.000 | 0 | 0 | 100.000 |
| Obligasjonsgjeld, nominell verdi | 775.000 | 0 | 0 | 0 | 775.000 |
| Underkurs / overkurs | -366 | 0 | 0 | -180 | -546 |
| Sum verdipapirgjeld | 774.634 | 100.000 | 0 | -180 | 874.454 |

Note 6 Endring i ansvarleg lånekapital og fondsobl.

| | Balanse 01.01.17 | Emittert | Innløyst | Øvrige endringar | Balanse 31.03.17 |
|---|------------------|----------|----------|------------------|------------------|
| Ansvarleg lånekapital | 35.000 | 0 | 0 | 0 | 35.000 |
| Fondsobligasjon | 40.000 | 0 | 0 | 0 | 40.000 |
| Verkeleg verdijustering | 2.403 | 0 | 0 | 912 | 3.315 |
| Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjon | 77.403 | 0 | 0 | 912 | 78.315 |